



VINDAFJORD
KOMMUNE

Planinitiativ

Planinitiativ for tilkomstar til Ølen idrettsområde (planID 1160202504)

1 Bakgrunn

Jf. Forskrift om handsaming av private planforslag til detaljregulering §1 skal alle private forslagsstillarar sende eit planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte etter plan- og bygningsloven § 12-8. Planinitiativ gjere greie for overordna premiss og omtale intensjonar for det vidare planarbeidet. Det er ikkje krav om at kommunen sjølve skal utarbeida planinitiativ i samband med kommunale planprosessar, men dette vert ofte gjort likevel, for å sikre ein føreseieleg planprosess og god informasjon til innbyggjarar og råka partar.

2 Føremålet med planen


Føremålet med planen er å leggja til rette for ny køyreveg med fortau til Ølen idrettsområde, frå Øvrehagen. Det skal og sikrast ny gang- og sykkeltilkomst frå Dreganesvegen/Osen til idrettsområdet. Planforslaget byggjer vidare på vedteken reguleringsplan for Ølen idrettsområde (planID 202101), der det er opna for tilkomst frå Øvrehagen i omsynssone H410, infrastruktursone.

3 Planområdet

Planområdet er delt i to, der den sørlege delen omfattar areal til veg og fortau sør for Ølen idrettsområde, langs Oselva, og fram til eksisterande køyreveg til Hauane og Øvrehagen. Den nordlege delen av planområdet omfattar areal for gang- og sykkelveg frå idrettsområdet og mot Dreganesvegen i nord, inkludert kryssingspunkt av denne.



Figur 1. Planområdet si plassering i Ølen



Figur 2. Planområdet si utstrekning, vist med stipla line.

Planområdet langs Osella omfattar eksisterande turveg fram til regulert idrettsfremål i nord, og mogleg påkoplingspunkt på ny veg til Hauane i sør. Terrenget i området fell frå vest til aust, ned mot elva, og er stadvis bratt. Området har i dag verdi som friluftsområde med gjennomgåande turveg, og det er knytt naturverdi til Osella og kantsona langs denne. Planområdet omfattar følgjande eigedommar, som alle er eigd av Vindafjord kommune:

- 281/204, 273/31, 272/9, 272/8, 281/205 og 281/204


Planområdet i nord omfattar ein kombinasjon av grasdekt mark, kommunal køyreveg, fylkesveg og deler av private eigedommar. Terrenget er relativt bratt ned mot Dreganesvegen i nord. Planområdet omfattar følgjande eigedommar:

- 271/126, 271/3, 27/123, 271/122, 271/3 – Bodil Karin Opheim Bakken og Grete Toril Matre
- 271/146 – Vindafjord kommune
- 271/125 – Jorunn Matre Stople og Kjetil Åsheim Stople

4 Planlagde tiltak

Ein planlegg tilrettelegging for køyreveg med fortau frå Øvrehagen/Hauane og til idrettsområdet. Vegbreidde/profil vil avklarast i planarbeidet, men det er nærliggjande å velje ei profil med vegbreidde på 5,5 - 6 meter, med einsidig fortau på minst 1,5 – 2,5 meter, då dette svarar til profilen som er regulert i Litlehagen.

I nord er det planlagd etablert ein gang- og sykkelveg mellom Dreganesvegen og idrettsområdet, som skal sikra trafiksikker tilkomst for gåande og syklende frå Dreganes. Profil og traseval vert ein vesentleg del av planarbeidet, og det same vert kryssingspunkt over Dreganesvegen.



Figur 3. Trasear for tilkomstveg i sør og gang- og sykkelveg i nord, markert med raud strek, oppå plankart for Ølen idrettsområde.

5 Konsekvensar av tiltaket

5.1 Funksjonell og miljømessig kvalitet

Planarbeidet skal sikra trafiksikker tilkomst til Ølen idrettsområde, både for gåande, syklende og køyrande. Avlastingsveg frå sør vil vere med på å avgrensa trafikken gjennom Litlehagen, spesielt knytt til større arrangement og større køyretøy.

5.2 Tilpassing og påverknad på landskap

Landskapspåverknad vil vera eit av dei viktigaste temaa i planarbeidet. Begge vegane vil krevja terrenginngrep, og spesielt tilkomstvegen i sør ligg i relativt bratt terreng. Det vil difor vera viktig å sikra ei terrengtilpassing som harmonerer med omkringliggande område, og som ikkje får påverknad på randsona langs elva.

5.3 Tilhøve til gjeldande planar

Planarbeidet byggjer vidare på detaljreguleringsplan for Ølen idrettsområde, og er i tråd med føresegner knytt til omsynssone H410 i den planen. Underliggjande føremål (frioråde) vil omgjerast til vegføremål.

Gang- og sykkelveg mot Dreganesvegen vil delvis liggja innanfor gjeldande reguleringsplan for «Deler av Eide aust, Osenområde» (planID 2003-39-01). Planen opnar i dette området opp for bygging av einbustadar og generasjonsbustadar på inntil 2 etasjar, og det er stilla krav om at ein utbyggingsplan skal leggja til rette for offentleg gangtilkomst frå Dreganesvegen og til idrettsanlegget. Tilrettelegging av dette er difor i tråd med gjeldande kommuneplan.

5.4 Påverknad på vesentlege interesser

Tilpassing til og ivaretaking av naturmangfald knytt til Oselva og kantvegetasjonen langs denne, vil vera ein sentral del av planarbeidet. Ein må sikra at ny tilkomstveg frå sør ikkje får negative konsekvensar for leveområde for artar og kantvegetasjonen sin funksjon som erosjonssikrande.

Det er elles ikkje funne vesentlege interesser som vert påverka av planarbeidet, utover temaa som er diskutert i dei andre delkapitla i dette planinitiativet.

5.5 Samfunnstryggleik – Risiko- og sårbarheitshøve

I vedteken detaljreguleringsplan for Ølen idrettsområde er det avdekka fleire risiko- og sårbarheitshøve, men spesielt geoteknisk ustabilitet og ulukker med mjuke trafikantar vart vurdert som spesielt risikofylte tema. Når det gjeld mjuke trafikantar må ein sikra trygt kryssingspunkt over Dreganesvegen.

Det er gjort grunnundersøkingar og utarbeidd geoteknisk rapport for idrettsområdet, som munna ut i definering av løsneområde for områdeskred på delar av området der ny gang- og sykkelveg til Dreganesvegen er planlagd. Løsneområdet er definert med låg faregrad, men må likevel takast omsyn til i prosjektering og bygging.

I den geotekniske rapporten er det og gjort vurderingar av geoteknisk stabilitet i område for ny tilkomstveg frå sør. I området er det vurdert at det ikkje er fare for områdeskred, men at ein ved prosjektering må vurdere lokalstabiliteten, eventuelt må vegen etablerast med kompensert fundamentering.

5.6 Medverknad og varslingspartar

Det er i utgangspunktet ikkje planlagd utvida medverknadsprosessar utover krava i plan- og bygningsloven. Det må vurderast undervegs i planprosessen om det er faktorar som tilseier at det bør haldast møter med råka grunneigarar og/eller idrettslaget, dersom det dukkar opp

problemstillingar som tilseier at det vil vera fornuftig. Grunneigarar, naboar, idrettslag og offentleg mynde vil varslast direkte både i oppstartsfasen og i høyringsperioden når planforslaget er ferdig utarbeidd.

5.7 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Planforslaget byggjer vidare på vedteken detaljreguleringsplan for idrettsområdet, og utløyser ikkje krav om KU i kraft av omfang, påverknad eller anna, jf. føringane i KU-forskrifta.